

Innbyding til opplæringsjakt på villrein i Setesdal Ryfylke

Er du interessert i villreinjakt men ikkje veit heilt korleis du kjem i gong eller kor du skal få tak i jaktterreng? I samarbeid med verdiskapingsprosjektet i SVR tilbyr Statskog opplæringsjakt i to periodar hausten 2019. Første periode er 30.8 – 1.9. Andre periode er 6.9 – 8.9. Tilbodet gjeld ungdom i alderen 16 – 20 år busett i kommunane Kvinesdal, Åseral, Bygland. Vi skal jakte på Statskog sin eigedom vest for Roskreppfjorden. Overnatting på Bossfjellhytta ein times gåing frå parkering ved Fossebu. Statskog vil stille med røynde jegerar for rettleiing undervegs.

Innhald

Fredag kveld bruker vi til å flytte oss til hytta, cirka 20 minuttar med båt, eller 1,5 time å gå om det blåser for mykje. Vi et middag og pakkar sekken til laurdagens jakt. I tillegg blir det innføring i korleis vi jaktar villrein. **Laurdag**, vi jaktar heile dagen. Vi pratar og lærar om villrein. Forhåpentligvis lykkes vi i å felle dyr. Slakting og kjøttthandtering i felt blir i så fall ei viktig del av dagen. Middag på hytta om kvelden. **Sundag**, planane for denne dagen blir lagt etter kva som har hendt på laurdagen. Enten så jaktar vi eller så ber vi kjøtt.

Kostnad

Pris for deltaking er kr. 500 pr. person. Då får du jaktkort, overnatting og to varme måltid. Resten av måltida tar du med sjølv.

Kvalifikasjonar

Du må ha tatt jegerprøven å vera fylt 16 år. I tillegg ha betalt jegeravgift for storvilt og godkjend skyteprøva for storvilt inneverande jaktår. Dersom du låner våpen må du huske utlånserklæring frå våpeneigar. Dei som er under 18 år må i tillegg ha med erklæring frå føresette.

Transport

Deltakarane må sørge for transport sjølv. Oppmøte ved Fossebu fredag ettermiddag kl. 16.00. Vi reknar med å vera attende ved Fossebu kl. 17.00 sundag ettermiddag.

Utstysliste og program vert sendt ved påmelding.

Påmelding og spørsmål kan rettast til Kristian Eiken Olsen i Statskog:
Tlf. 905 33 793. Mail: kristian.eiken.olsen@statskog.no

Det er plass til 8 deltakarar i kvar periode. Førstemann til mølla får plassane!



Foto: Tor Punsvik